

---

**Fra:** Bente Kopperdal Hervik  
**Sendt:** 10. mars 2015 10:48  
**Til:** 'Bjarte Vakt skjold'  
**Emne:** SV: Støtte til Ishuset

Hei,

Så bra at de nærmar dykk ferdig!

Det er her snakk om to ulike tilskot. Når det gjeld tilskotet frå fylkeskommunen (kr. 50 000) står vilkåra for utbetaling står i tildelingsbrevet. Det som er endra sidan tildelingsbrevet, er at kommunen har tatt over ansvaret for tildelinga, og dokumentasjon skal sendast oss.

*Vilkår for utbetaling av tilskot*

Det utførte arbeidet skal godkjennast før utbetaling. Søkjar må senda oss rekneskapsoversikt med kopiar av vedlegg tilsvarande eit beløp minst så stort som tilskotet. Det må takast atterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden. Søkjaren må senda rapport om det utførte arbeidet dokumentert med fotografi både **før** og **etter** arbeidet. Der kommunen står som tiltakshavar, kan tilskotssummen utbetalast når det er klart at arbeidet kjem i gang.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

Radøy kommune har fått beskjed om at de har nytta Jan Floen som konsulent under arbeidet. I følgje Stein Ottosen i fylkeskommunen er det god nok dokumentasjon på at arbeidet er utført etter føresetnaden at Jan Floen går god for det. Det me i tillegg treng er to bilete som viser bygget ferdig, ein enkel rapport over utført arbeid og rekneskapsoversikt med kopiar av vedlegg tilsvarande beløp så stort som tilskotet.

Når det gjeld tilskotet frå kommunen (kr 50 000) vert dette utbetalt når det er stadfesta at arbeidet er slutført. Delutbetaling kan finna stad etter nærare vurdering.

Mvh  
Bente

**Fra:** Bjarte Vakt skjold [<mailto:bvakt skjold@gmail.com>]  
**Sendt:** 10. mars 2015 09:12  
**Til:** Bente Kopperdal Hervik  
**Emne:** Støtte til Ishuset

Hei vi er no i slutfasen på gjenreisinga av Ishuset og vil gjerne be omønskja framgangsmåte for å få utbetalt midlane.

mvh  
Bjarte